

Dato: 25.01.2024

Arkiv:

Vår ref (saksnr.):

Journalpostid.:

Dykkar ref.:

Referat frå FAU-møte 25.01.2024

Møtt: Ole E. Amundsen, Karen Kverneland Thommasen, Frode Hagerup, Kenth Magne Åsebø-Troldal, Ole Morten Haaland, Gerd Rusdal

Forfall: Tore Ragnhild Heia, Monica Bolstad Hagen

Sak 15 23/24: Retningslinjer for tilrettelagt undervisning

Rektor presiserer at skulen følgjer lova §1-3, samt det som er beskrive i kunnskapløftet. Det blir praktisert enkeltvedtak etter §5-1, men ikkje etter §1-3. Skulen prøver å tenka grupperingar, ikkje enkeltpersonar. Rektor og foreldre blir involvert i slike diskusjonar, i samråd med lærar, men det er ope for å ta direkte kontakt med rektor.

Sak 16 23/24: Skulen vil at skulen skal vere ein «mobilfri skule»

FAU er einige i at mobilen ikkje skal brukast i skuletid, men klokker og mobilar gir ulike problem. På lågare trinn bruker mange klokker for trygghet. Skulen lurer på om tydelegare reglar bør inn i ordensreglement. FAU støtter dette, og meiner at reglar bør vera tydelege nok til at ein kan sanksjonera.

Sak 17 23/24: Resultat nasjonale prøver på 5. trinn

Frøyland har vore på eller over nasjonalt snitt i både lesing, rekning og engelsk dei siste 4 åra. Endå meir stabilt gode i engelsk enn i lesing og engelsk. Tala varierer med kull, og variasjonane ser ut til å følga med over til prøvane på 8. trinn. Prøver å halda stabilitet i metode, og «perfeksjonera» metodane ein har, heller enn å hoppa etter nye måtar å gjera ting på.

Sak 18 23/24: Forskningssamarbeid med UiS «Oppfølging etter mobbing»

Rektor fekk forskningsprosjektet presentert og vart interessert. Prosjektet ønsker å gå inn i eit trinn dei kan følga over tid, og sjå særleg på kva som skjer etter at skulen sin aktivitetsplan etter ein mobbesituasjon er avslutta. Målet er at skulen lærer verkemiddel og verktøy, som så kan brukast òg på andre trinn som har utfordringar.

Eventuelt

Neste møte flytta til 14. mars 2024 på grunn av fleire meldte forfall.

Ref: Ole Morten Haaland